Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Helssing, Fakter, Åferd

Oppskr. av: Sigurd Nilssen

(adresse): Orkanger

Fylke: Sør-Trøndelag

Herad: Meldal

Bygdelag:

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

1.

SVAR

1. Ja uttrykkjest med eit nikk og nei med å riste på hovudet; andre rørsler for ja og nei er ikkje kjent.

2. I eldre tider var det skikk å helsa på alle ein møtte, anten det var kjenning eller framand. Ein skulle i alle høve tala åt kvarandre. Var det ein ukjent, venta ein at han tala først. Det var mykje bruka uttrykk, som ein ikkje vil kalla helsingsord. Ein merknad om veret var svært vanleg: „Det er varmt!" „Det er vindått!" - eller om arbeidet. „Du driv med onna!" „Du held på og kjører!" Uttrykket kunne og formast som eit spørsmål: „Er du ute og går i godveret?" O.l.

Det stemmer med det Vinje segjer i Ferdaminne om dei gode Sudtrønder: „De fer oppetter!" „No driv du på og sleng der." På godt Meldalsmål ville det heite: „Driv du på og står!". Det hende og når to møttes at dei sa berre „Goddag!" idet same dei gjekk forbi einannan. Råka det åt ein

7679

framand gjekk forbi einkvan, og ikkje
let ti seg, tykte dei det var ein ra-
ring. Det har vorti ein snunad med
helsinga no. Framande går forbi utan
eit ord. Men kjenningfolk talar alltid åt kvar-
andre når dei råkast
3. Nei, det kjenner eg ikkje til.

5 Ja, prest eller embetsmann skulle
ein ta av hovudplagget for i eldre
tider, no er det ikkje så nøye
med det. Ein og annan kan letta
på hatten om dei råkar storkarar
men det er lite bruka på bonde-
bygda. Storbønder er det ikkje i
Medala. Bygdefolk tok ikkje av seg
hatt eller huve for kvarandre
6. Det har eg aldri høyrt nokka om
7 Nei helsinga var likt same kva
slags klædnad ein hadde på.
8 Folk handhelste alltid på einannan
når dei kom saman i lag, gjeste-
bod. eller når meir sjeldsynte kjen-
ningar og frendar møttest. Gjester
som kom til gards handhelste på
alle, borna og.
9. Ja, å klappa kvarandre på oksla
var uttrykk for venskap.
10. Karfolk tok av seg hatten eller
huva når dei høyrde kjerk-klokkon
Seinare i årom var det same som
berre letta på hovudplagget. Kvinne-
ne gjorde ikkje noko sers i slike
høve.

7679

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

II

3

11. Mötte karfolk ein likhop, steig dei på sida av vegen og stod med andletet mot köyrarane med hovudplagget i handa. Var det brurhop gjekk dei tilsides men noko helsing har eg ikkje höyrt var brukar. Ein ville altid sleppa å möta lik- eller brurhopar

12 Nei, ingen som lever no veit om at slik helsing har vori brukt.

13 Det var helst förste ökta ein brukte å segja „gomorn"; seinare sa dei „goddag". Kom nokon i kveldsverdtida sa dei „godkveld" og „godnatt" når dei gjekk. „Godmiddag" har ikkje vori brukt som helsing her.

14. Eg trur ikkje dei tek det så nöye no, i eldre tider gjorde dei kanskje nar av det om ein helsa „godmorn" på ei utetid. Han fekk kanskje

15 slik svar: „Godmorn midt på dagen"

16 Nei, slik helsing er ikkje brukt på bygda no heller.

17. Sign - arbeid-, strevet-, kvilet-, laget og måten var og er enno i bruk.

18. Velsign sa dei ikkje. Den som fekk signingsynskjet svara takk

19 Når verten tok mot gjesten gjekk han fyre inn i stova og gjesten helsa „goddag" når han kom inn. Seinare i åra vert det berre helsa inne når det er nokon gjester ikkje har helsa på fyrr. Skal ein

7679

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

døma etter gamle segn og historier tok dei det gründig med helsinga i gamle dagar. Det budde folk på ein gard langt ut i marka, Langvatnet. På slike markagardar vart folket sermerkt, rar og orginale og vart kalla marka-kopar - dei hadde lite og ingen folkeskikk. Langvasskopane var ikkje noko unnatak frå regelen. Mannen i Langvatnet kom til kjerka juldagen. Han var seint ute, presten stod på preikstolen. Langvassmannen kom innover kjerkgolvet og helsa høgt så det høyrdest over heile kjerka: „Goddag dokk på na sida, og goddag dokk på na sida og goddag du oppi stampa."

20. Dei kunne seja noko slikt: „Kan eg få snakk med deg på to manns-hand" eller „Vår med meg så ei får snakk med deg o.l.

21 Det var aldri brukeleg å banka på døra i eldre tider, men no er det vanleg. Skikken er kome inn litt om senn dei siste 30 åra.

22. Dei segjer: „Kom inn!" eller berre „Kom!"

23 Ja, fyrr var det altid skikk og er det mykje gode no, at framande står til ein bad dei sitja ned.

24 Fyrr 1910 var det ikkje brukvis at framande tok av seg hovudplagget når dei kom inn i stova. Det var fyrst når dei vart bedne til bords dei tok av hovudet, straks



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

dei gjekk frå bordet sette dei hatten eller huva på hovudet att, om dei vart sitjande lenge og røda

25. „Frampå sett!" „Du må sett deg!" „Sjå om du får sett!" og med liknande ordlag brukte dei å beda framande sitja.

26 Kan henda dei sa „Versågod og sett deg!" var det litt framifrå gjester som kom

27 Det var elles ingen skilnad i helsinga om den som kom var heilt framand

28 Nei ikkje det eg har høyrt.

29 Innbedne gjester sa dei velkomen åt når dei handtoks.

30 Ved kvardagslege vitjingar sa dei „farvel!", „lev vå så vel!" „ha det bra!"

31 o. l. når dei gjekk. Det var bruka mykje godt same ordlag om ein reiste bort for lang tid eller for alltid. Straks ein framand var gått ut av huset gjekk huskonden etter og stod litt utfor døra og tala med han. Ein skulle altid „sjå ut" etter den som gjekk. Var ikkje husbonden heime laut ein annan av huslyden gjera det. Det hende, når husbonden hadde det annsamt og det var nære grannar, nokon som var godt kjent - at han sa: „Eg våre ikkje å sjå etter deg, du kjem vel att lell." Det var snakk at gjesten kom ikkje att om ein ikkje „såg ut etter han. Sagnet sa at skikken kom opp i den tida svartedauden rasa i landet. Dei måtte sjå ut om

7679

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6

han som gjekk frå huset vart liggande utafor døra fengd av sotta.

32. Nei, Kyss har ikkje vori brukt til
33. avskil så at folk såg det. Bondefolket er for vare til å syna fram kjenslelivet sitt på den måten, einast mora ~~som~~ kyste veslebarnet når folk såg på. All kyssing elles var noko som høyrde løyndomen til.

39-40 Når vaksne leika med småborn var det brukeleg å „kytte nase" med dei. Det var ikkje berre far og mor åt ungane men andre i huslyden også.

41 Når ein leika med born var det mykje brukt å „ta nasen." Ein tok lint om nasen til barnet med knuane av peike- og langfinger sette tommelgummen millom og heldt handa fram åt barnet med orda: „No tok eg nasen din." heldt handa bort åt nasen att og „så no sette eg han på att."

42 Å leggja kjaken attåt ein annan sin kjake kalla dei „Å gje kjek." Det var foreldre og syskken som gav mindreårige kjek. Som nemnt var dei svert varsame med å syna fram kjensler for ålmenta.

43 Det hende stundom i leik-panteleik at ungdom gjorde slikt så andre såg det elles ikkje.

7679

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

44 På årmålsdagen var det vanlege ynskjet: „Til lokk med dagen!" og samleis andre dagar av sers forvitne. Det låg lag på. No brukar dei ordet: „gratulerer" som lykkynskje.

45. Joleynskjet var: „God jul!" og til nyaret var det: „Godt nyar!"

46 Eg veit ikkje dei hadde noko sers uttrykk for medkjensle ved dødsfall og motgang. Kjenningar og venner trøysta og hjelpte i slike høve. No er framandordet Kondolerar brukt

47 Ein samlingskar (religiøs talar)
48 i bygda hadde umbodet å takka ut den avlidne frå heimen. No er det mest alltid presten.

49 Å syna noko vanvyrdnad med fakter har eg ikkje sett mykje til eller høyrt om. Det er helst med ein sermerkt sving med armen og ein sleng med hovudet.

50. I gamle dagar sa dei „du" til alle, trur mest om det var sjølve kongen. På bandebygda segjer dei for det meste du til alle enno. Kanskje ungdomen tek til å segja „De og Dokk" etter folk på Løkken Verk.

51. „Han eller „ho" istadenfor du har ikkje vori brukt her i bygda.

7679

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING